



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiiane og  
Frafjordheiiane**

## **Møteprotokoll**



*Urdalsknuten (1434 moh) i det fjerne fotografert nord for Bossvatn i Valle kommune av Guro Sødergren.*

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Telefonmøte, Telefonmøte  
**Dato:** 08.03.2019  
**Tidspunkt:** 08:00

**Følgende faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Leder
Oddmund Ljosland	Nestleder
Gerd Helen Bø	Medlem
Leiv Rygg Langerak	Medlem
Oddlaug Hesland Tjomsland	Medlem

**Merknader**

---

Godkjente timer for godtgjørelse: 1 time

**Fra administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Jørn Haug	Verneområdeforvalter

**Underskrift:**

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

---

Bjørn LaugalandLeiv Rygg Langerak

---

**Saksliste**

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 3/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 4/19	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 5/19	Orienteringssaker
AU 6/19	Søknad om å arrangere snøscootertur til Lordehytta i Åseral. Åseral Frivilligsentral.
AU 7/19	Eventuelt

**AU 3/19 Godkjenning av innkalling og saksliste****Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 08.03.2019**

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Arbeidsutvalet ønskja også å ta opp ei ekstra sak som vart sendt ut 7.3 (Søknad snøscooterløyve Otra kraft)

**AU 4/19 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 08.03.2019**

Oddmund Ljosland og Leiv Rygg

**AU 5/19 Orienteringssaker**

**Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 08.03.2019**

Inga

## **AU 6/19 Søknad om å arrangere snøscootertur til Lordehytta i Åseral. Åseral Frivilligsentral.**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 08.03.2019**

#### **Handsaming**

#### **Oddmund Ljosland fremma forslag til nytt vedtak:**

Åseral Frivilligsentral får dispensasjon for bruk av snøscooter for fellestur til Lordehytta ein av datoane 10/3, 17/3 eller 24/3. Traseen som skal nyttast er Røysland - Lordehytta, alternativ trasé frå Kyrkjebygd viss føret tilseier det. Dispensasjonen vert gitt etter pgr. 48 i Naturmangfaldlova.

- Det skal ikkje vere observert rein i området
- Alle snøscooterane skal køyre samla

Arbeidsutvalet legg vekt på at aktuell trase ligg i sørleg del og i utkanten av verneområdet. Villreinen har ikkje brukt området aktivt i lengre tid. Traseen er heller ikkje i konflikt med merka skiløyper. Faren for presedensverknad vurderast som liten. Søkjar er ein frivillig organisasjon som organiserer ein fellestur og der Lordehytta er eit heilt spesielt turmål. Ut frå grunngjevinga meiner AU at hovudvilkår for å gje dispensasjon etter pgr. 48 i Naturmangfaldlova er stetta.

AU viser og til at styret i SVR gjorde eit samrøystes vedtak i ei tilsvarende sak i 2017, samt at AU gjorde det same i 2018.

#### **Vedtak**

Åseral Frivilligsentral får dispensasjon for bruk av snøscooter for fellestur til Lordehytta ein av datoane 10/3, 17/3 eller 24/3. Traseen som skal nyttast er Røysland - Lordehytta, alternativ trasé frå Kyrkjebygd viss føret tilseier det. Dispensasjonen vert gitt etter pgr. 48 i Naturmangfaldlova.

- Det skal ikkje vere observert rein i området
- Alle snøscooterane skal køyre samla

Arbeidsutvalet legg vekt på at aktuell trase ligg i sørleg del og i utkanten av verneområdet. Villreinen har ikkje brukt området aktivt i lengre tid. Traseen er heller ikkje i konflikt med merka skiløyper. Faren for presedensverknad vurderast som liten. Søkjar er ein frivillig organisasjon som organiserer ein fellestur og der Lordehytta er eit heilt spesielt turmål. Ut frå grunngjevinga meiner AU at hovudvilkår for å gje dispensasjon etter pgr. 48 i Naturmangfaldlova er stetta.

AU viser og til at styret i SVR gjorde eit samrøystes vedtak i ei tilsvarende sak i 2017, samt at AU gjorde det same i 2018.

## **Forvalters innstilling**

Med heimel i forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.1.a gir arbeidsutvalet avslag på Åseral frivilligsentral sin søknad om bruk av snoscooter til Lordehytta.

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten bryt med forvalningsplanen sin målsetning om at motorferdsla i verneområda skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at ein dispensasjon vil gi presedensverknad ved at det kan gi ei monaleg opning for persontransport i verneområdet. Ein dispensasjon vil difor på sikt kunne påverke verneverdiane nemneverdig, jfr. Naturmangfoldlova § 48. Vilkår for dispensasjon er difor ikkje til stades.

## **AU 7/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 08.03.2019**

1)Ekstrasak frå Otra kraft vedk. søknad om bruk av snøscooter i samband med skredøving. Vedteken i tråd med innstilling.

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 gir arbeidsutvalet Otra Kraft/Otteråens brugseierforening løyve til bruk av inntil 7 snøscooterar i samband med skredøving og val av sikker køyretrase på strekninga Øystøyl – Store Urevatn i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Køyreruta er merka av i kart som følgjer saka. Løyvet gjeld for dagane 11. og 12. mars 2019 og for inntil 2 turar pr. dag.

Andre vilkår for løyvet:

- Om det vert observert villrein nær køyreruta skal snøscooterane straks stoppe og vende om. Alternativ rute kan da nyttast om dette ikkje uroar villreinen.
- Snøscooterane skal køyre i følgje.
- Dette løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter Lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag.
- Om transporten går over andre sin eide dom må innehavar av løyvet sjølv hente inn samtykke frå grunneigar.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten.
- Løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel i periodar om omsynet til viltet tilseier det.

Som grunngjeving for vedtaket legg arbeidsutvalet vekt på at køyringa gjeld for ein avgrensa periode og omfang. Vidare at det jamfør vilkåra skal takast særskilte omsyn om det vert observert villrein i området under køyringa. Søkar er avhengig av å operera i desse områda gjennom året, og der det er viktig at verksemda kan gjennomførast på ein trygg måte

2)Jørn Haug informerte om to klager som har komen inn på vedtak gjort av verneområdestyret 7.2.2019:

- Klage frå Fylkesmannen i Agder på vedtak vedk. driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle
- Klage frå villreinnemnda for Setesdalsområdet på vedtak fatta vedk. preparering av skiløype til Sloaros i Bykle

Klagene vert sendt verneområdestyret til informasjon. Arbeidsutvalet ønskja ei sak til verneområdestyret pr. epost der det vert teken stilling til om vedtaka som er fatta skal gjevast oppsettande verknad.

3) Dato for nytt møte i arbeidsutvalet: fredag 15. mars kl. 14.30. Dette vert som eit skype-møte men der sekretariatet ringer opp på vanleg telefon dei som ikkje har tilgang på skype.